

Takk for følgjet, gode lesarar.

08.02.2018



Frå første saka mi. Uskedelinger på gult sommarskurs i 2006.

**Når eg no skal takka for meg i uskedalen.no, synes eg det høvde å bruka bildet over som er teke frå den første saka mi på nettavisa. Den vart publisert 14.08.2006 vel ein månad etter oppstarten. Ikkje overraskande var den om hjartebarnet mitt, Uskedal skulemusikk, og sidan har det blitt mange saker om både musikk og anna.**

Første par åra skreiv eg når noko dukka opp som eg hadde lyst å publisera. Mykje av det var om barneaktivitetar som det var naturleg for meg å vera med på på den tida. Men det var også andre saker. Eg hugsar m.a. at eg laga reportasje frå bingoen i Helgheim saman med Magnhild Haugland i oktober same året. Det var også Magnhild eg sende stoffet til dei første åra for utlegging. Ho gjorde forøvrig ein stor og viktig jobb for nettsida i starten med oppbygging av innhaldet på sida og utlegging av alle saker, også dei som Ola Matti Mathisen skreiv. Seinare sende eg til Arne Rød og Karoline Neset. Deretter lærte Matti seg heile prosessen sjølv, og eg sende til han ein periode før det vart ordna med tilgang så eg kunne gjera det sjølv.

Det har vore ein kjekk, men tidkrevjande hobby. Eg har verkeleg lært bygda å kjenna, og eg har gjennom uskedalen.no møtt mykje positive folk. Ikkje berre blant bygdefolk, men også av andre som har hatt glede av sida vår. Som uskedeling har det òg vore kjekt å høyra frå folk i andre bygder at dei misunner oss denne sida. Dette, saman med gode tipsarar og innsendarar, har inspirert meg til å bruka mest all fritid på dette i såpass lang tid. Det har også gjeve kveik å få skriva om positive saker som viser at vi bur i ei svært så levande bygd. Det er ikkje mykje som er kjekkare enn å skriva gode ting om Uskedalen. Eg er òg svært takksam for det gode samarbeidet med lokalavisene våre, og ikkje minst dei positive tilbakemeldingane desse profesjonelle avisfolka har gjeve på arbeidet vårt.

No er det slik at når kjekke ting tar for mykje tid, må ein også sei stopp. Eg er komen dit no. Eg takkar lesarane våre som har teke så godt mot det som har blitt skriva, og eg takkar redaksjonsnemnda for godt samarbeid. Det er ei solid nemnd som no fører dette viktige arbeidet vidare.

28.11.2020

Uskedal Utvikling

Eg kjem nok til å sakna arbeidet med uskedalen.no, men når eg får lyst og har tid, kan det nok henda eg publiserer eitt og anna. Men no er det slutt på at eg på veg heim frå jobb må vurderer: har eg tid til å lage middag eller skal eg setje meg ved PC`en? Det skal bli godt!

Mvh  
Thor Inge.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland